



DEN NORSKE KYRKJA

Bjerkreim sokneråd

Postboks 38, Nesjane 5

Tlf: 51201198

Kyrkjerådet

post.kirkeradet@kirken.no

Vikeså 10.12.2018

Vår sakshandsamar: AE

Vår ref.: 18/00017-002

Arkivkode: 002

Høyring - Kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Bjerkreim sokneråd behandla overnemnde høyring på soknerådsmøtet 06.12.2018 under F-sak 47/18.

Vedteken uttale frå Bjerkreim sokneråd:

Kap 1 Den norske kyrkja sitt grunnlag:

Bjerkreim sokneråd stiller spørsmål ved å ha så mange bestemmingar og oppmodar til ny gjennomgang av heile kap 1. Det bør vera ei tydelegare føremålsbestemming. Dagens § 1 i KL har ei god, dekkjande og enkel formulering. Soknerådet meiner § 4 bør erstattast av § 1 i dagens KL. I § 5 vert dei vigsla stillingane tydeleg framheva . Paragrafen svekker dei demokratisk valde styringsorgana. Heile kyrkjelyden sitt ansvar må styrkast – alle tilsette, styringsorgan og medlemmane i kyrkja. Ansvar for lokal kyrkjeleg verksemd bør vera på soknenivå og ingen stillingar bør nemnast spesielt.

§ 6 – organisering av kyrkja: Det bør koma sterkare fram at kyrkja skal vera demokratisk organisert. I § 5 vert t.d. ikkje dei demokratisk valde kyrkjelege styringsorgan nemnde. § 6 siste ledd kan ein forstå slik at den sidestiller tenesta med Ord og sakrament med dei folkevalde styringsorgan. Prestetenesta representerer ikkje ei sjølvstendig styringsline, men skal vera representert i dei demokratisk valde styringsorgana og ta medansvar for den kyrkjelege styringa gjennom deltaking i desse.

Bjerkreim sokneråd er samde med KA og meiner at § 5 kan gå ut og at § 6 får fylgjande ordlyd:
«*Styring og ledelse av Den norske kirke bygger på demokratiske prinsipper og skal på alle nivåer være forankret i demokratisk valgte styringsorganer. Valgte styringsorganer med personal- og forvaltningsansvar skal ha en daglig leder som står ansvarlig overfor disse.*

Hvert sokn skal være sikret en ordnet tjeneste med Ord og sakrament (prestetjeneste) og står under tilsyn av biskopen i det bispedømmet soknet hører til. Prestetjenesten er representert i de valgte styringsorganer etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet.»

Kap 2 – Kyrkjeleg inndeling, kyrkja sine organ, medlemskap, kyrkjelege registre og kyrkjeleg stemmerett.

§ 11, 1. ledd: Bjerkreim sokneråd stiller spørsmål ved «*lovlig opphold i riket*» vert føreslått som ny føresetnad for medlemskap i kyrkja. Ein ser ikkje at det bør vera krav for medlemskap i ein kyrkjelyd.

§ 11, 4. ledd om inn- og utmelding. Bjerkreim soknerådet meiner kyrkjeordninga ikkje bør regelfesta at rolla som kyrkjebokførar skal vera avgrensa til ei bestemt stilling. Dagens bestemming bør derfor vidareførast – «*innmelding i, og utmelding av Den norske kirke skjer ved henvendelse til kirkebokføreren på bostedet eller til Kirkerådet*».

Kap 3. Verksemda i soknet. Organa for soknet og oppgåvefordelinga mellom dei m.m.

§ 15. Oppgåvene til dette fellesorganet må avklaraast – evt bør fellesrådet sine oppgåver leggast til dette rådet. Det bør vera same ordning og praksis i heile landet. Derfor bør Kyrkjerådet vera godkjenningsinstans og ikkje bispedømmerådet. Bjerkreim sokneråd meiner også at lovforslaget er noko utspeideleg på kva som skal vera kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver.

§ 17. Bestemmingane bør utvidast med dei lovbestemmingane som inngår i opprekninga i § 39 i politiregisterlova om barneomsorgsattest.

§ 20, 3. ledd. Bjerkreim sokneråd vil understreka at dei kommunale rekneskapsforskriftene, framleis bør gjelda for sokneråd/fellesråd. Grunnen til dette er at dei fleste råda har dette som tenesteyting frå kommunen og at desse rekneskapsreglane fører etter «null prinsippet» og ikkje etter profitt.

§ 22 Oppgåvene til Soknemøtet. Mandatet til soknemøtet oppfattar Bjerkreim sokneråd som noko redusert. Formulerenga om at Kyrkjemøtet skal bestemma kva for gudstenestelege bøker som kan avgjerast av soknemøtet, kan oppfattast som at soknet ikkje blir så sjølvstendig som i dagens KL.

§ 25. Soknerådet ser det som avgjerande at oppgåvefordelinga mellom sokneråd og kyrkjeleg fellesråd, vert vidareført. Føresetnaden for at dette skal verda mogleg, er at fellesrådet sin rettslege handleevne som arbeidsgjever, kyrkjebyggforvaltar og gravferdsmyndighet vert tillagt rådet i ny lov.

I § 25, 7. ledd, vert det føreslått at «*Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver det er gitt i eller i medhold av kyrkjeordningen*». Bjerkreim sokneråd meiner formulerenga § 14 i dagens KL, er god og bør vidareførast. Dette for å sikra best mogleg lokalt sjølvstyre.

Kap 4. Kyrkjer.

§ 28, 1. ledd opnar for at kyrkja nasjonalt kan endra vesentlege rammer for soknet sitt forvaltingsansvar av eigne kyrkjer. Det må vera ein føresetnad at soknet sitt forvaltningsansvar og eigarskap, vert vidareført. Bjerkreim sokneråd meiner at første ledd i § 28 må gjennomgåast på nytt.

Kap 5. Regionale og nasjonale kyrkjelege organ.

§ 39 Bispmøtet. Biskopen sitt personlege tilsynsansvar å fortolka den evangelisk – lutherske lære, har lang tradisjon i kyrkja. Bjerkreim sokneråd meinar begrepet «pastoralt lederskap» om bispmøtet, bør takast bort. Dette bør vera den enkelte biskop sitt ansvar – og ikkje bispmøtet. Soknerådet stiller seg også spørjande til 4. ledd i § 39, der det står: «*Bispemøtet avgjer læreklinger mot enkeltpersoner etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet*».

Kap 6. Ymse føresegner.

§ 47 Bjerkreim sokneråd sluttar seg til forslaget frå KA til ny ordlyd til første del i 2. ledd: «*Ved tilsetting i kirkelige stillinger som er av betydning for å virkeligjøre Den norske kirkes formål, skal tilsettingsmyndigheten oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke i tråd med adgangen til dette i likestillings- og diskrimineringsloven § 30. Det skal oppgis i utlysningen av stillingen at medlemskap kreves.*»

Andre kommentarar:

- Tradisjonelt har DnK hatt samarbeid med frivillige organisasjonar. Det er ikkje omtalt i forslaget. Dette er eit sær preg for DnK som er viktig å ta vare på.
- Kommunen og staten sitt økonomiske ansvaret for kyrkja, er ikkje tydeleg omtala. Ein ser med bekymring på dette og er redd det kan føra til nedbygging av kyrkja sine tilbod. Den lokale kyrkja er nært knyta til kommunen og det er avgjerande at storparten av kyrkja sine utgifter vert finansiert av kommunen. I tillegg burde statstilskotet til trusopplæring vore

lovfesta - på line med prestetenesta. Det same gjeld finansiell støtte til vedlikehald av kyrkjebygg med store kulturminneverdiar.

Venleg helsing

Arnfrid Espeland

Arnfrid Espeland

Kyrkjeverje